



Året vårt

Det er tolv månader og fire årstider i eit år. Vinter, vår, sommar og haust er årstidene våre. Desember, januar og februar er vinter-månader. Mars, april og mai er vår-månader. Juni, juli og august er sommarmånader. September, oktober og november er haust-månader. Februar har 28 dagar, men 29 dagar når det er skotår. Dei andre månadene har 30 eller 31 dagar.

Bjørnen bur i eit hi. Han går i dvale når det er vinter. Haren kamuflerer seg om vinteren. Ekornet hamstrar nøtter så det har nok mat til vinteren kjem. Fuglar flyg til varmare land. Hausten er fargerik, med gule og raude blad. Vinteren er grå og kvit. Bjørka får grønne blad når våren kjem.

Om vinteren er det mange som går på ski.

Når det blir vår, likar mange å hoppe tau eller sparke fotball.